

Anne Kristine Lehmann  
Eidavegen 561  
5993 Ostereidet

Ostereidet, 23/2 2018

Planavdelinga  
Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
23 FEB 2018	
Ark. saksnr. <i>18/497</i>	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

### Høyring i samband med planprogram for Ostereidet.

Takk for brev datert 7. februar 2018 om dette. Det er forståeleg at ein ønskjer å sjå del 1 og del 2 i samanheng. Ein har og notert at ein med tilvising til plan- og byggingslova para 12-15 undervegs ønskjer å søkja om byggeløyve for Idrettshallen.

Saka gjeld mange viktige omsyn, har perspektiv langt inn i framtida, og bør difor sjåast i ein vidare samanheng enn det høyringsdokumentet ser ut til å leggja til grunn..

For å utdjupa dette, bør ein òg ta eit raskt blikk attende. Då traséen for E-39 på slutten av 1980-talet vart vurdert, valde ein til slutt det såkalla utmarksalternativet. Grunngjevinga var at ein ville spara dyrka jord og kulturlandskap for eit stort inngrep, og i staden opna for framtidig utbygging av nye område i ubyggt utmark.

Det opphavelege framlegget, som gjekk på å leggja E-39 gjennom etablerte landbruk-, kulturlandskap- og bustadområde vart difor endra. Mellom mykje anna unngjekk ein at ein stor del av tre svært gamle steingardar måtte rivast.. Ein av dei er den om lag tusen år gamle steinmuren mellom Ytre og indre Eide. Det einaste som den gongen måtte rivast var ei ubrukt utløe på Leitet og ei på Askvik.

Det noverande planprogrammet, så vel for del 1 som del 2, bryt på fleire punkt med ein slik tankegang. Det store utmarksområdet som vart opna for framtidig utbygging langs E-39 er til no ikkje nytta. I staden planlegg ein å skjera seg vidare inn i dei områda som ein i si tid såg det som avgjerande viktig å verna.

Utmarksområdet aust for skulen på Indre Eide som er tenkt som framtidig bustadfelt er heller ikkje inkludert i det ein no planlegg å regulera. Blir dette noko av, vil det få store konsekvensar for korleis infrastrukturen, mellom anna vegutløysinga, vert utforma.

I staden for her og no å gå inn på einskildelementa i høyringsnotatet, vil ein fremja ein alternativ strategi:

På toppen av Eidaleitet bør det først som sist planleggjast ei ny rundkøyring, om naudsynt i to plan. Ein bør sjå føre seg at det kjem sidelaup nordover til Stranda, utmarksområda i nordvest, senteret i områdeplan 1), noverande bygdelag og senterområdet i planen sin del 2, irekna Idrettshallen og det ovannemnde nye bustadfeltet.

Vegen mellom rundkøyringa og senterområde 2 bør leggjast innover parallelt på sørsida av noverande E-39, der ein i det noverande planverket ser føre seg ein gang- og sykkelveg. Eit par hundre meter før Bjørsvik-tunnelen bør vegen svinga av og ned mot området ved den påtenkte idrettshallen. Her trengst mellom anna ein ny, stor parkeringsplass. Før ein kjem så langt ned bør det leggjast inn ei avkjøring til det planlagde nye bustadområdet. Same traséen kan samstundes tena som ny vegløysing

for dei eksisterande bustadfelta i nærområdet og for kyrkje, skule og barnehage I ein slik trasé treng det ikkje gå med nemnande innmark, i høgda deler av ei treningsbane for hestar.


Noverande trasé mellom Leitet, Lindstallen og vidare innover mot planområde 2 bør utvidast nok til m.a. å gje betre rom for gang- og sykkelsti. Skjer det meste av utvidinga mellom Leitet og Lindstallen på oppsida av vegen, kan ein samstundes leggja straumleidningane i kabel langs grøfta. Å nyutta denne traséen (gamlevegen) som hovudveg mellom planområde 1 og indre del av planområde 2 bør gjevast opp. Denne vegen kan likevel nyttast som mellombels trasé for ekstratrafikken i samband med bygginga av Idrettshallen.

Denne strategien ivaretok ønsket om å vera eksisterande innmark, kulturlandskap og bygningar, og vil samstundes gje god samanheng mellom dei to senterområda. Rett lagd, vil rundkøyringa på Eidaleitet òg opna for framtidig utbygging av deler av utmarka nord for noverande E-39, og eventuelt òg for ei framtidig tilknyting til ein ny E-39 trasé.

Med venleg helsing



Anne Kristine Lehmann  
Eigar av Eidavegen 561



Vidar Lehmann  
Medbrukar av Eidavegen 561